

Hei Arna SLK.

Opphaldet mitt i Australia nærmar seg slutten. I skrivande stund er eg i ferd med å flytte ut av leiligheita mi sentralt i Adelaide, og eg er nettopp heimkomen frå mitt siste stemne i Australia. Eg flyg ikkje heim før 19. desember, men skal dei siste par dagane bu der eg budde den første veka i Australia – hjå foreldra til tidlegare trenar i ASLK, Jeff Earl.

Treningsopphaldet mitt kulminerte egentlig i verdscupturnèen eg gjorde i november, som eg skreiv om i førre reisebrev. Ein kan vel trygt sei at dette opphaldet reint resultatmessig ikkje har vore ein udelt suksess, men det er ikkje dermed sagt at eg angrar, tvert derimot.

Målet med verdscupturnèen var å kvalifisere seg til EM kortbane, som nettopp er gått av stabelen i Polen. Som dei fleste nok fekk med seg var eg ikkje med der, så dermed gjekk det ikkje heilt vegen. Eg var i grunn aldri i nærleiken, sjølv om eg på det siste av seks løp gjorde mitt klart beste løp under 2011, med 22.58 på 50 fri. For å kome til EM måtte eg gjere ned mot 22.0. (Kan jo legge til at eg med denne tida ville vore ei klar forsterking for det norske stafettlaget som svømte EM-finalar på både 4x50 medley og 4x50 fri under EM kort.) Litt surt at det beste løpet kom i siste løp, eg kunne ha trengt den sjølvtiliten litt tidligare.

Dette hadde også holdt til finale i dei to første verdscupstemna i Singapore og Beijing, med god margin, men der gjorde eg henholdsvis 22.97 og fryktelig svake 23.17. I Tokyo, der eg oppnådde tida, holdt det berre til 14.plass – dermed fekk eg ikkje med meg ein verdscupfinale heller, noko eg utvilsomt var god nok til. 100 fri fekk eg aldri til å sitte, sjølv om 50.5 i Tokyo var bedre enn 51.1 og 51.0 som eg gjorde i Singapore og Beijing. Det er likevel ikkje eit nivå eg ynskjer å vere kjent med.



*Meg på den himmelske freds plass foran den forbudte by i Beijing. Utrulig artig opplevelse det i alle fall!*

Eg reiste til Australia for å få ei avslutning på svømmekarriera med noko heilt annleis enn kva eg har gjort før, og det kan ein trygt sei at eg har gjort. Eg har lært utrulig mykje, men eg har ikkje evna å

sette det ut i praksis. Framleis er eg sikker på at det vi har forsøkt å få til med symjinga mi ER den rette vegen å gå om eg skulle ta det neste steget til verdseliten. Nivået (22.5 på 50 fri er ca 0,3 sekund unna ein semifinale på EM) er eit nivå eg har hatt inne lenge.

Difor har eg tatt avgjerdsla om å trappe ned symjinga mi no. Avgjerdsla blei egentlig tatt ganske umiddelbart etter verdscupen, og akkurat kva den inneberer veit eg ikkje. Eg kjem til å halde fram med symjinga i alle fram til NM kortbane i Mars, men prioriteringane blir annleis framover. Eg startar mest sannsynlig i journalistjobb i Bergen over nyttår, og ei profesjonell karriere vil ha førsteprioritet framover. Kor mykje trening det blir får vi rett og slett sjå an korleis det passar.

Det verkar i alle fall truleg at eg er ferdig som langbanesympjar. Eg har aldri meistre langbane like godt som kortbane, og eg trur at stemnet eg nyleg deltok på, Queensland State Championships i Brisbane, er det siste stemnet av den typen. Ein skal aldri sei aldri, sjå berre på Aleksander Hetland som satsar mot OL etter tre år mest utan å symje langbane i det heile. Stemnet i Brisbane gjekk ganske bra, i forhold til korleis resten av året har gått, men resultatmessig er det eg har levert i 2011 rett og slett ikkje godt nok for meg.



*I Brisbane bygger dei nytt treningsbasseng; 50 meter langt og 13 baner*

Eg er framleis glad i sporten, og kjem til å halde meg involvert, både aktivt og på kanten. I kva format får vi sjå. Eg kjem garantert innom Garnes ein gong eller to over nyttår og helsar på alle kjende!

Forhåpentlig trenar alle bra der heime – og ser fram til eit suksessrikt 2012. Eg trappar ned treninga etter 20 år i sporten, om alle de held på like lenge er det god sjanse for at de vil ha meir å vise til enn meg på merittlista.

Sander

*Bildet på neste side er av Pandaen FUMI – den store attraksjonen ved Adelaide Zoo.*

